



Betongvarer i Dimmelsvik med sjåfør Gaute Moberg legg ut betongen i fundamenta til treningsapparata.

I dag vart det støypt i fundamenta om skal bera treningsapparata på aktivtetsflatene ved kunstgrasbanen. Med dette er det klargjort for montering av sjølve trim- og treningsutstyret. Betongvarer i Dimmelsvik med sjåføren Gaute Moberg stod for levering av betongen. Jostein Hauso frå Uskedal helselag såg til at alt kom på rett plass i kummane.

Treningsapparata vert plassert på to stasjonar, det eine med tre fundament, det andre med fire fundament. Hauso hadde i forkant klargjort for støyning med mellom anna med forskaling og montering av ein indre ring for søylesko.

Gaute Moberg hadde to kubikk betong på bilen. Det gjekk med 1,5 kubikk for å fylla sju fundament. Trim- og teningsapparat er tilpassa variert bruk for alle aldersgrupper. Arbeidet i dag er ein del av prosjektet Gull av grus.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Jostein Hauso frå Uskedal helselag har kalrgjort med forskaling og montering av ein indre kjerne for søyleskoa.